Heggedal 22.01.2019

# ANMERKNINGER TIL NABOVARSEL

Fra:
Hilda Austegard
Flatøyveien 154
5918 Frekhaug

Varslet Tiltak: Privat Tilkomstvei til GBNR 1/399 - Flatøyveien 128

Tiltaket AKSEPTERES uten anmerkninger: JA / ~~NEI~~

I tilfelle NEI - se følgende kommentarer:

---

Ønsker deg lykke til!.

---

Med vennlig hilsen

Hilda Austegard
Sign. Dato: 5/2-2019

Heggedal 22.01.2019

# ANMERKNINGER TIL NABOVARSEL

Fra:
Sigrund Austegard
Flatøyveien 126
5918 Frekhaug

Varslet Tiltak: Privat Tilkomstvei til GBNR 1/399 - Flatøyveien 128

Tiltaket AKSEPTERES uten anmerkninger: JA / ~~NEI~~

I tilfelle NEI - se følgende kommentarer:

---

---

Med vennlig hilsen

Sigrund B. Austegard. Flatøy 3/2 - 2019.

Sign. Dato:

Heggedal 22.01.2019

# ANMERKNINGER TIL NABOVARSEL


Fra:
Henrik Brigtsen
Bruskedalsreset 86
5115 Ulset


Varslet Tiltak: Privat Tilkomstvei til GBNR 1/399 - Flatøyveien 128

Tiltaket AKSEPTERES uten anmerkninger: ~~JA~~ / NEI

I tilfelle NEI - se følgende kommentarer:

---

Sjå vedlagde merknader (2 sider, 7 pkt)

---

Med vennlig hilsen

Henrik Brigtsen

Sign. Dato: 08.02.2019

/

Merknader til nabovarsel (skal leggjast ved tilsendt skjema).

Eigarar av gnr/bnr 1/399 (Flatøyvegen 128) på Flatøy, Mette og Inge Østergaard søkjer Meland komune om vegutløysing for hytteeigedomen. Nabovarsel er motteke.

Naboeigedomen /-hytta, gnr/bnr 1/403 (Flatøyvegen 130) eig Berit Sofie Hoffstad og Henrik Brigtsen med ein halvdel på kvar. Me har følgjande merknader til søknaden :

1. Presisering 1 : I følgje det tinglyste skøytet for vår eigedom har me rett til å nytta *kjerrevegen* som går frå gnr/bnr 1/176, Flatøyvegen 126 (Sigrund Austegard) som tilkomstveg til vår eigedom, Flatøyvegen 130. Tilsvarande rett har Flatøyvegen 128 (Mette og Inge Østergaard). Noverande *trapp/sti* frå kjerrevegen til Flatøyvegen 128 er tungvindt og lite egna til nær sagt alle former for transport. Annan tilkomst trengst.
2. Presisering 2 : Me viser til søknaden s. 5/11, 3. avsnitt, 6 linje «Det skal nevnes at grunneiere av GBNR 1/403 på selvstendig grunnlag - - -« Dette er ikkje rett. Etter tidlegare «lansering» av den omsøkte vegen, stilte me nokre spørsmål til representantar for det aktuelle tenestområdet i Meland kommune *utan* å be om befaring. Befaringa var eit uttrykt ønskje frå kommunen si side. Søkjar trekkjer dermed forhasta og urimeleg slutning om vår medverknad, jf siste punktum i avsnittet. Me motset oss ikkje at vegen vert bygd etter den omsøkte trasseen, men tillet oss å peika på at andre løysingar etter vår meining med fordel burde vore vurderte (sjå eigen merknad, 7 og vidare).
3. Den skisserte trassen vil gå eit godt stykke inn på vår eigedom ved området A-M-L (u-sving), jf det nemnde avsnittet. Kan grunneigar Hilda Austegard og Meland kommune godkjenna den omsøkte trasseen, er det *eit absolutt vilkår* frå vår side at utforminga her og kompensasjon for arealbruken på vår eigedom vert grundig drøfta og at *skriftleg avtale* føreligg *før* noko arbeid vert igangsett.
4. Ved enden av vegen inne på søkjar sin eigedom er det skissert ein biloppstillingsplass (merka Topp – Bakke). Etter vår meining har den fått ei uheldig plassering midt i vårt synsfelt og bør endrast / revurderast.
5. Vår eigedom, Flatøyvegen 130 har som nemnt tinglyst rett til å nytta den gamle kjerrevegen som tilkomst. Ved påbygging av hytta for nokre år sidan vart kjerrevegen nytta av relativt tungt utstyr (stor gravemaskin) opp på eigedomen og til transport av byggjematerialar, bl a singel, tørrmørtel o a. Det er svært viktig at denne tinglyste retten vert oppretthalden og at nytteverdien av tilkomsten ikkje vert redusert.
6. Me har skriftleg avtale om å nytta plassen ved løa som P-plass og betalar i dag for tre plassar her. Ved den omsøkte vegtrasseen vert plassen ved løa vesentleg redusert. Dette framgår *ikkje klår*t av planen, sidan full u-sving her *ikkje* er innteikna. Dette må rettast på i ein revidert plan for dette området.
7. Den skisserte trasseen vil medføra svært store, skjemmande og godt synlege naturinngrep på austsida, sida som vender mot det gamle hovedhuset, mot Hilda Austegard (grunneigar) sin bustad og mot vegen vidare oppover. Dette er hovud-vegen til mange bustader lengre inne og er jamnt trafikkert.

<u>Alternativ :</u> **a**) Dersom vegen i staden vart lagd parallelt med kjerrevegen (*ikkje på* kjerrevegen, men *litt høgare* i terrenget, ville naturinngrepa vorte langt mindre synlege. Jordkjellaren treng ikkje verta skada. Dette ville også vera i samsvar med det som vart skissert av grunneigar då me kjøpte hytta for om lag 20 år sidan og som fastbuande nabo i Flatøyvegen 126 var vel kjend med. Ei slik løysing ville heller ikkje medføra at plassen ved løa vart redusert. Vegen kunne så førast inn på den skisserte trasseen lengre oppe (jf ellers det som nemnt i pkt. 3 framanfor).
**b)** Det bør også vurderast om ny veg kan førast om lag *frå krysset* ved vegen til gamlehuset (nr 134) og i nær rett linje opp til grensa for gnr/bnr 1/399. Etter vår meining kunne dette verta ein lite skjemmande veg med relativt små naturinngrep, og truleg vesentleg enklare å byggja. Heile vegen ville liggja på Hilda Austegard sin eigedom.

Konklusjon : Som eigarar av Flatøyvegeen 130 er me særleg opptekne av at dei rettane me i dag har, vert ivaretekne. Tilkomsten til vår eigedom er på noverande tidspunkt tilfreds-stillande.

Ved drøfting av og befaring av ev betre vegutløysing for Flatøyvegen 128 ventar me å kunna delta i prosessen *før* avgjerder er tekne.

Berit Sofie Hoffstad ............................................ Henrik Brigtsen ............................................

Berit Sofie Hoffstad | Henrik Brigtsen

Flatøy 08.02.2019

01/03

Heggedal 22.01.2019

# ANMERKNINGER TIL NABOVARSEL

Fra:
Berit Sofie Hoffstad
Helleveien 267
5039 Bergen

Varslet Tiltak: Privat Tilkomstvei til GBNR 1/399 - Flatøyveien 128

Tiltaket AKSEPTERES uten anmerkninger: ~~JA~~ / NEI

I tilfelle NEI - se følgende kommentarer:

Se vedlagte merknader på 2 sider.

Med vennlig hilsen

Berit Sofie Hoffstad
Sign.

Dato: 08.02.2019

02/03

Merknader til nabovarsel (skal leggjast ved tilsendt skjema).

Eigarar av gnr/bnr 1/399 (Flatøyvegen 128) på Flatøy, Mette og Inge Østergaard søkjer Meland komune om vegutløysing for hytteeigedomen. Nabovarsel er motteke.

Naboeigedomen /-hytta, gnr/bnr 1/403 (Flatøyvegen 130) eig Berit Sofie Hoffstad og Henrik Brigtsen med ein halvdel på kvar. Me har følgjande merknader til søknaden :

1. Presisering 1 : I følgje det tinglyste skøytet for vår eigedom har me rett til å nytta *kjerrevegen* som går frå gnr/bnr 1/176, Flatøyvegen 126 (Sigrund Austegard) som tilkomstveg til vår eigedom, Flatøyvegen 130. Tilsvarande rett har Flatøyvegen 128 (Mette og Inge Østergaard). Noverande *trapp/sti* frå kjerrevegen til Flatøyvegen 128 er tungvindt og lite egna til nær sagt alle former for transport. Annan tilkomst trengst.
2. Presisering 2 : Me viser til søknaden s. 5/11, 3. avsnitt, 6 linje «Det skal nevnes at grunneiere av GBNR 1/403 på selvstendig grunnlag - - -« Dette er ikkje rett. Etter tidlegare «lansering» av den omsøkte vegen, stilte me nokre spørsmål til representantar for det aktuelle tenestområdet i Meland kommune *utan* å be om befaring. Befaringa var eit uttrykt ønskje frå kommunen si side. Søkjar trekkjer dermed forhasta og urimeleg slutning om vår medverknad, jf siste punktum i avsnittet. Me motset oss ikkje at vegen vert bygd etter den omsøkte trasseen, men tillet oss å peika på at andre løysingar etter vår meining med fordel burde vore vurderte (sjå eigen merknad, 7 og vidare).
3. Den skisserte trassen vil gå eit godt stykke inn på vår eigedom ved området A-M-L (u-sving), jf det nemnde avsnittet. Kan grunneigar Hilda Austegard og Meland kommune godkjenna den omsøkte trasseen, er det *eit absolutt vilkår* frå vår side at utforminga her og kompensasjon for arealbruken på vår eigedom vert grundig drøfta og at *skriftleg avtale* føreligg *før* noko arbeid vert igangsett.
4. Ved enden av vegen inne på søkjar sin eigedom er det skissert ein biloppstillingsplass (merka Topp – Bakke). Etter vår meining har den fått ei uheldig plassering midt i vårt synsfelt og bør endrast / revurderast.
5. Vår eigedom, Flatøyvegen 130 har som nemnt tinglyst rett til å nytta den gamle kjerrevegen som tilkomst. Ved påbygging av hytta for nokre år sidan vart kjerrevegen nytta av relativt tungt utstyr (stor gravemaskin) opp på eigedomen og til transport av byggjematerialar, bl a singel, tørrmørtel o a. Det er svært viktig at denne tinglyste retten vert oppretthalden og at nytteverdien av tilkomsten ikkje vert redusert.
6. Me har skriftleg avtale om å nytta plassen ved løa som P-plass og betalar i dag for tre plassar her. Ved den omsøkte vegtrasseen vert plassen ved løa vesentleg redusert. Dette framgår *ikkje klår*t av planen, sidan full u-sving her *ikkje* er innteikna. Dette må rettast på i ein revidert plan for dette området.
7. Den skisserte trasseen vil medføra svært store, skjemmande og godt synlege naturinngrep på austsida, sida som vender mot det gamle hovedhuset, mot Hilda Austegard (grunneigar) sin bustad og mot vegen vidare oppover. Dette er hovud-vegen til mange bustader lengre inne og er jamnt trafikkert.

Alternativ : **a**) Dersom vegen i staden vart lagd parallelt med kjerrevegen (*ikkje på* kjerrevegen, men *litt høgare* i terrenget, ville naturinngrepa vorte langt mindre synlege. Jordkjellaren treng ikkje verta skada. Dette ville også vera i samsvar med det som vart skissert av grunneigar då me kjøpte hytta for om lag 20 år sidan og som fastbuande nabo i Flatøyvegen 126 var vel kjend med. Ei slik løysing ville heller ikkje medføra at plassen ved løa vart redusert. Vegen kunne så førast inn på den skisserte trasseen lengre oppe (jf ellers det som nemnt i pkt. 3 framanfor).
**b)** Det bør også vurderast om ny veg kan førast om lag *frå krysset* ved vegen til gamlehuset (nr 134) og i nær rett linje opp til grensa for gnr/bnr 1/399. Etter vår meining kunne dette verta ein lite skjemmande veg med relativt små naturinngrep, og truleg vesentleg enklare å byggja. Heile vegen ville liggja på Hilda Austegard sin eigedom.

Konklusjon : Som eigarar av Flatøyvegeen 130 er me særleg opptekne av at dei rettane me i dag har, vert ivaretekne. Tilkomsten til vår eigedom er på noverande tidspunkt tilfreds-stillande.

Ved drøfting av og befaring av ev betre vegutløysing for Flatøyvegen 128 ventar me å kunna delta i prosessen *før* avgjerder er tekne.

Berit Sofie Hoffstad ........................................ Henrik Brigtsen ........................................

Berit Sofie Hoffstad | Henrik Brigtsen

Flatøy 08.02.2019